

## Møtereferat

Dato: 11.03.2015

Emne:	<b>Møtereferat om Skulebruksplanen</b>	
Til stades:	Frå Fana gymnas: Rektor Leif Sigurd Danielsen, ass.rektor Lisbeth Norendal, elevinspektør Thomas Nundal, avd.leiar Inger Lise Sleire, avd.leiar Dag Karlsen (delar av møtet).  Frå hovudtillitsvalde: Omstillingstillitsvald Sigrid Sve Låstad.  Frå opplæringsavdelinga: Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim, seksjonsleiar fellestenester Birthe Haugen, regionleiar Annbjørg Laupsa.	
Forfall:		
Møtetid:	02.02.15 kl. 14.30 – 15.45	Møtestad: Fana gymnas
		Sak: 2014/10030-23

**Møteleiar: Annbjørg Laupsa**

**Referent: Annbjørg Laupsa**

### Bakgrunn og målsetting

Møtet var eit informasjons– og dialogmøte, der målsettinga var å skapa ein open og god prosess kring arbeidet med Skulebruksplanen.

### Heilskapleg vurdering av studiespesialiserande utdanningsprogram

Svein Heggheim og Birthe Haugen gjekk gjennom vedtaka i Skulebruksplanen og vektla utfordingane med studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor– Bergen, som Fana vert rekna som ein del av. Det må tenkjast heilskapleg, og vurdera behovet for studiespesialiserande opplæring i region sør, i sentrumsområdet og i vest på kort og lang sikt. Utgangspunktet er det som er realiteten i utdanninga i dag, sjølv om ein også er oppteken av nasjonale trendar på sikt.

Mange skular tilbyr studiespesialiserande utdanning i Bergen kommune. I region vest er det tre skular, men det er knapt grunnlag for to. I region sør tilbyr Sandslid, Langhaugen, Fana og Nordahl Grieg studiespesialiserande utdanningsprogram. I tillegg søker mange unge seg til Amalie Skram. Private studiespesialiserande utdanningstilbod kan også gjera dimensjoneringa vår lite føreseieleg. Om lag 30 % av elevane vel private tilbod. På Fana gymnas opplever ein at elevar kjem tilbake, etter først å ha prøvd seg i privat vidaregåande skule.

Det er viktig å få på plass ein god struktur. Det må avklarast behov for skuleplassar, kapasitet og kvar skuletilboda skal liggja. Fagmiljøa må vera robuste og konkurransedyktige i dag og i nær framtid. Fem parallellear vert nemd som døme på eit robust fagmiljø.

### Andre utdanningsprogram

Plassering av andre opplæringstilbod skapar også ein del usikkerheit, og kan påverka studiespesialiserande tilbod. Dimensjonering og plassering av utdanningsprogrammet medie– og kommunikasjonsfag er ikkje avgjort. Flytting av salg og service frå Nordahl Grieg er føreslege i Skulebruksplanen.

Det vart stilt spørsmål ved plassering av opplæringstilbod til minoritetsspråklege elevar. Dimensjonering her vert avgjort før sommaren.

Fana gymnas ynskjer å halda fram med tilbod til elevar i innføringsklassar.

### **Fana gymnas i dag**

Leiinga framhevar det gode arbeidsmiljøet ved skulen, og at utviklinga går i rett retning. Elevane si læring står i sentrum, fråveret til elevane går ned og faglege resultat vert stadig betre. Lærarane er fagleg flinke og nytenkjande, og ulike tiltak som t.d «plogging» og periodelesing gjev resultat. Kompetansen på framandspråk er god. Elevane er engasjerte, og uttrykkjer at dei trivest på skulen. Dette inntrykket stadfestar regionleiar, og viser til skulebesøka (VBV-møtet).

Bygget inneholder mykje verdifull historie. Teknisk standard er bra, men bygget manglar universell utforming. Toaletta treng oppgradering.

### **Prosessens fram mot politisk sak**

Det vert føreteke ei totalvurdering, der positive og negative konsekvensar ved ulike modellar vert vurdert. Konsekvensanalysen er viktig. Det skal føreliggja faktasider der bygningsmessige forhold, reisemønster, elevane sine valg m.m vert vurderte. Ein har tilgjengeleg ny analyse av befolningsgrunnlaget i området. Det vert utarbeidd skriftleg materiale i løpet av april, men det vert ingen skriftleg høyringsrunde. Skular som er involverte vil få kommentera analysen. Det vert nytt møte når prosessen er kome lenger enn den er i dag.

Framtidig skulestruktur vert avgjort av OPHE – utvalet. Dersom Fana gymnas vert føreslått nedlagt, vil personalet verta ivaretekne etter gjeldande reglar. Det er viktig at personalet veit kva som skjer, kvifor avgjerdsler vert tekne, når noko vert handsama m.m.

Omstillingstillitsvald har ei viktig rolle i prosessen. Ho vil orientera bl.a om omtillingsreglar som gjeld personalet. Rektor vil også halda personalet oppdatert, og regionleiar vil delta i arbeidet.